

Plan for heim-skule samarbeid



Kva er skulen sitt oppdrag?	1
Kven gjer kva?	1
Brukte informasjonskanalar	5
Årshjul for heim-skule samarbeidet 1. halvår	6
Årshjul for heim-skule samarbeidet 2. halvår	7
Tips til nyttige sider	8

Me er heldige som får bli kjent med, ta vare på og undervisa nettopp ditt barn! Derfor er dette viktig for oss:

- å arbeida for trivsel og tryggleik
- å ha gjensidig respekt og samarbeid mellom heim og skule
- at eleven skal få utvikla si ansvarskjensle
- å oppmuntra til innsats i eiga læring
- å ha ein inkluderande kultur med plass for å vera ulike
- å halda orden for å ha det ryddig og triveleg rundt oss
- å visa folkeskikk og gode sosiale ferdigheiter
- å arbeida aktivt for å førebygga og stoppa mobbing

Kva er skulen sitt oppdrag?

§1-1 Formålet med opplæringa

Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring

1

Kven gjer kva?

Kontaktlærer

Kontaktlærer er den læraren som har hovudansvaret for ditt barn på skulen.

Ta kontakt med kontaktlærer når du ønskjer å formidla noko angående ditt barn og læringsmiljø for ditt barn.

Skuleleiinga

Har det overordna ansvaret, fagleg og administrativt, som samarbeidet mellom alle partar i skulen.

Gjer enkeltvedtak, følgjer og støtter opp under tiltak i klassar/grupper som treng det.

¹ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_1

Foreldrekontaktar

Alle foreldre og føresette er medlem av skulen sitt foreldreråd. Her nyttar ein omgrepet foreldre. Arbeidsoppgåver for foreldrekontaktane kan vera:

- Ha kontakt med kontaktlærar om felles oppgåver
- Ta kontakt med nye foreldre i klassen
- Sosiale aktivitetar i klassen haust og vår
- Fremja og kommunikasjon med skulen

FAU - foreldra sitt arbeidsutval

FAU er heimla i Opplæringslova §11-4

I FAU sitt ein representant frå kvar klasse.

Arbeidsområder for FAU er:

- informera og høyra alle foreldre om aktuelle saker
- samarbeida med elevråd, SU, rektor og lærarar
- ta initiativ til sosiale aktivitetar
- uttala seg om saker relevante frå kommunen eller skulen
- skapa kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet

SU - Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt øvste rådgivande organ og her er alle partane i skulen representert: elevar, foreldre, undervisningspersonalet, andre tilsette og to representatar frå kommunen, kor rektor skal vera den eine. SU har rett til å uttala seg i alle saker som gjelder skulen.

SMU - skulemiljøutvalet

Føremålet med skulemiljøutvalet er å sikra at skulen har eit systematisk arbeid for eit systematisk arbeid for eit godt skulemiljø. SMU skal vera eit rådgivande organ for skulen i saker knytt til dette. Elevane, foreldra, skulen, tilsette i skulen og ein representant frå kommunen skal vera representert. Foreldre og elevar skal til saman ha fleirtal i SMU.

Teieplikt

Personalet på skulen har ei generell teieplikt (forvaltningslova §13-13f).

Foreldre som representerer foreldregruppa i ulike råd og utval, har teieplikt. All informasjon som dei får som foreldrerepresentatar, fall innunder teieplikta.

Skulen er opptatt av tryggleik og trivsel, godt samarbeid og fokus på læring.

Kva kan me gjera for å få dette til?

Skulen:

- ser på alle elevane som unike og likeverdige, tek dei på alvor og vise dei respekt
- står fram som tydelege og gode rollemodellar
- er godt budd til møre med elevane og legg til rette for tilpassa læring og utvikling
- tilpassar undervisninga slik at alle elevane får utbytte av læringsøktene i eit trygt og inkluderande miljø, med mangfald og variasjon.
- gir informasjon om det som skjer på skulen via årsplanar, vekeplanar og andre informasjonskriv
- svarer på meldingar frå heimane
- kontaktlærer led e-post kvar dag
- har kontakt med heimane når det er hensiktsmessig for barnet sin faglege eller sosiale utvikling
- følgjer opp avtalar som vert inngått
- ser og omtalar foreldra som ein ressurs for einskildelevar og heile skulemiljøet
- er open for innspel og meiningar frå foreldre, i høve deira eigen elev, klassen og skulen samla
- har ansvar for barnet i skuletida

Foreldra:

- viser interesse for barnet sitt skulearbeid og hjelper barnet å forstå at skule først og fremst er ein arena for læring
- følgjer opp at barnet tar ansvar for å koma tidsnok på skulen og har orden i skulesakene sine
- hjelper barnet å koma mett, utkvilt og med nødvendige klede og utstyr på skulen
- lærer, og eventuelt hjelper barnet å gjera opp for seg
- følgjer med på endringar i barnet si åtferd og sosiale omgang, og tar kontakt med skulen ved bekymring
- tar kontakt med skulen når du høyrer noko frå skulen du stussar over
- møter til konferansar og foreldremøte og støttar opp om arrangement i

- | | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • legg til rette heime slik at barnet får gjort skulearbeidet og kan halda fristar • snakkar med barnet om fråvær, merknader og vurderingar • oppmuntrar barnet til å vera inkluderande, høfleg og omsyn for alle på skulen | <p>klassen og på skulen</p> <ul style="list-style-type: none"> • les og merker deg informasjon frå skulen - via e-post, SMS, på heimesida og ranselpost/meldebok • held skulen oppdatert om korleis vi kan nå deg på dagtid ved behov • omtalar skulen i positive ordela |
|---|---|

Elevane

- | | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • viser omsyn og respekt for medelevar og til sette ved skulen • møter presis til timar og avatalar • rettar seg etter dei beskjedar som blir gitt • held skulen sitt område reint og ryddig | <ul style="list-style-type: none"> • tek godt vare på alt som høyrer til skulen, både inne og ute • tek ansvar for private eigedelar sjølv • Ordensreglement - barneskulen • Ordensreglement - ungdomsskulen |
|---|--|

Foreldra imellom

- | | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • har respekt for kvarandre og inkluderer alle, og ikkje aksepterer at elevane ekskluderer nokon i lek eller sosiale samankomstar • deltek på klassearrangement • kollektivt følgjer opp tiltak som blir sett i verk • at det ikkje vert vist filmar og spel i heimane som er over aldersgrensa når dei har besøk av vener | <ul style="list-style-type: none"> • ikkje legg ut bilete eller omtalar medelevar på sosiale media utan samtkke frå foreldre og elev • framsnakkar andre, og lærer varna å vise omsorg for kvarandre • snakkar positivt om medelevar og andre heimar • tek kontakt familiar imellom om problem, og dersom ein har observert situasjonar som ikkje er ønskja |
|---|---|

Brukte informasjonskanalar

Kva	Type informasjon
Brev	Formell informasjon til enkeltelevar sendes med ordinær post. Til dømes: Svar på ulike søknader, enkeltvedtak, IOP, halvårsrapport.
Skulen si heimeside	Generell informasjon som t.d. rutinar/reglement, skulerute og kontaktinformasjon. Aktuelle hendingar og aktivitetar. Vekeplanar og lokale læreplanar. Møteinnkallingar og møtereferat.
Meldingsbok	Korte meldingar mellom heim og skule.
SMS	Korte meldingar mellom heim og skule. Kan erstatte meldingsboka.
E-post	Generell informasjon vert sendt som e-post. Vekeplan. Møteinnkallingar og møtereferat.
Møte	For klassar/heile skulen: Sjå årsplan. For enkeltelevar: Minimum 2 møte per år. Utover det kan både skulen og foreldre be om møte når ein ser behov for det.

Årshjul for heim-skule samarbeidet 1. halvår

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Føre skulestart	• Utsending av fadderbrev • Velkomstbrev ved lærarbyte, overgang mellomtrinn, ungdomstrinn	Inspektør Kontaktlærer
August	• Første skuledag. Rektor ønskjer velkommen. • Foreldremøte 1. skuledag	Rektor og kontaktlærer
August/september	• Konstituering av SU	Rektor
September	• Klasseforeldremøte. Rektor deltek på møte i 1. klasse, i andre klassar ved behov	Kontaktlærer og foreldrekontakt
Oktober	• Utviklingssamtalar • Foredrag for foreldre (aktuelle tema)	Kontaktlærer Skuleleiinga/sosiallærer
November	Utviklingssamtalar	Kontaktlærer
Desember	Klassevis juleavslutningar	Kontaktlærer
HAUST	Sosiale aktivitetar i klassen Foreldreundersøkelse Elevundersøkelse	Foreldrekontakt

Årshjul for heim-skule samarbeidet 2. halvår

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Februar	• «Skulefest». Annakvart år. Ope møte for foreldre og søsken • Barnehagen er på besøk på skulen. Foreldre som ønskjer, kan vera med	Skuleleiinga / avdelingsleiarane
Mars	• Utviklingssamtalar • Skulen presenterar seg i barnehagen	Kontaktlærarane Skuleleiinga
April	Kontaktlærarar for komande skuleår	Skuleleiinga
Mai	• Møte for foreldre i 1.klasse. Informasjon frå skulen. Info om fadderordning • Overføringsmøter for skulen - ved bytte av kontaktlærar og mellom 4.og 5. og 7. og 8. Rektor deltek.	FAU / Skuleleiinga Skuleleiinga og kontaktlærar Skuleleiinga / kontaktlærarane
Juni	• Klassevis skuleavslutning • Skuleavslutning 10. klasse	Foreldrekontakt og kontaktlærar Rektor / Kontaktlærar/ Foreldrekontakt
VÅR	Sosiale aktivitetar i klassen	Foreldrekontakt

Tips til nyttige sider

- [Utdanningsdirektoratet](#)
- [Foreldreutvalet for grunnopplæringa](#)
- [Opplæringslova](#)
- [Skoleporten](#)